

Nettverk for pedagogiske leiarar i barnehage våren 2026

Stad: Høgskulen på Vestlandet, campus Sogndal. Rom: Verdandi i 1.etg Bragebygget. Sjå kart her:

[Bragebygget Verdandi, Bragebygget, Campus Sogndal - MazeMap](#)

Tidspunkt: Tysdag 3.februar 2026 kl. 12.00- 15.30

Målgruppe: Alle pedagogiske leiarar i barnehagane i Sogn

Lunsj: Ja, inkludert. Meld frå om evt. allergiar i påmeldinga

Deltakaravgift: Nei, samlinga vert dekkja av regionale midlar

Me ynskjer velkommen til nettverkssamling for pedagogiske leiarar i Sogn

Målet for nettverket er å styrke dykk i rolla som ped.leiarar. Du er sjølv sagt hjarteleg velkommen sjølv om du ikkje har delteke i nettverket tidlegare.

Me møtes til lunsj og mingling frå kl 12.00.

Kl 12.30 startar det faglege innhaldet. Me deler ettermiddagen inn i to bolkar med pausar.

Heidi Myrvold frå NAV arbeidslivssenter og underteikna skal lose oss gjennom denne ettermiddagen.

Tematikk for samlinga:

- **Handtering av sjukefråvær v/ Heidi Myrvold**

Vi ser korleis ein best mogleg kan handtere sjukefråværet som er på avdelingane. Vi tek opp konkrete problemstillingar som er aktuelle for dykk som pedagogiske leiarar.

- **Rettleiing som metode – praktisk utprøving i grupper v/ Ingrid Steine Bortne**

- Førebu deg til samlinga ved å lese gjennom malen me skal bruke: [her](#)
- Tenk gjennom ei konkret problemstilling frå jobben som du ynskjer rettleiing på – kanskje det blir di problemstilling som skal jobbast vidare med i gruppa

Påmeldingsfrist: 27.januar kl 23. Meld frå om evt. allergiar i merknadsfeltet. Me må vere minst 12 deltakarar for å gjennomføre samlinga.

Velkommen! Håpar å sjå deg der!

Beste helsing frå

Ingrid Steine Bortne

Programleiar barnehage- og skuleutvikling i Sogn

Sogn kommunalt oppgåvefellesskap (KO)

Tlf: 48 25 03 06

Ingrid.steine.bortne@sogndal.kommune.no